

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 10 2025. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I disse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Hovudtema for dette nummeret er organisasjonen Hela Sverige ska leva.

FN-EVALUERING AV UNDROP

Sju år har gått siden FN vedtok UNDROP, den globale erklæringa om rettigheter til bønder og andre arbeidsfolk i bygder. I september i år ble den andre rapporten fra FNs arbeidsgruppe om UNDROP lagt fram.

Under presentasjonen av rapporten i Menneskerettsrådet 17. september gikk lederen for arbeidsgruppa, Carlos Duarte, inn på to tendenser. Den ene tendensen er at antallet land som anerkjenner bøndernes rettigheter i grunnlover og øvrig lovgivning og i egen praksis, har økt vesentlig etter UNDROP, og at erklæringa har gjort at arbeidet har skutt fart. Den andre tendensen er at trusler og vold mot bygde og urfolk også har økt. Nå disponerer én prosent av verdens gårder 70 prosent av vekstjorda, mens 84 prosent av gårdene bare har 12 prosent av vekstjorda.

UNDROP-erklæringa har satt mange positive spor. Rapporten går gjennom nye, positive praksiser i ulike land. Mali har vedtatt en ny lov om landbruksjord, Colombia har opprettet en landbruksdomstol med oppgave å løse konflikter om jordeiendom og -rettigheter. Ghana har fått en ny landlov som opphever diskriminering av bygdefolk. Mange land, Elfenbenskysten, Malawi, Togo, Burkina Faso og India har vedtatt lover eller opprettet organer for å regulere og sikre tilgang til jord. Aserbajdsjan, Mexico, Malaysia og Bangladesh har tatt initiativer for kvinner på landsbygda. Portugal, Spania og Algerie har styrket bygdefolks sosiale tjenester, og Gambia, Kamerun, Egypt og Irak har gitt mer økonomisk og teknisk støtte til småbønder, for å nevne noen av eksemplene. Arbeidsgruppa anbefaler verdens bønder å prioritere arbeid med dette.

Rapporten tar for seg land- og havgrabbing, kriminelle forhold som rammer bønder og fiskere og andre systemforhold som går ut

over verdens bygdefolk. Rapporten advarer spesielt mot økning i såkalt grønn-grabbing, det vil si land- og havområder som myndigheter og storselskaper tilraner seg under dekke av bærekraftig miljøvern. Slike metoder blir brukt mer og mer, således i 20 % av alle store landkjøp. Småbønder og lokalsamfunn blir trengt tilbake, ofte med vold, tvangsutkastning, ødeleggelse og brutalitet. I vår tid med kriger, konflikter og naturkriser synes det være dekning for å hevde at kampen om naturressursene hardner til.

Rapporten uttrykker spesielt bekymring for eierskap av og bruksrett til elver og havområder. Ofte har dette vært allmenninger eller fellesarealer for kystfiskere og fiskerbønder i nærheten, men uten at bruksrett er nedfelte i lovverket. I mange land innfører myndigheter ordninger i favør av storselskaper som driver fiske, oljeutvinning, kraftutbygging, søppeltømming, turistnæring eller gruvedrift. Det er en kommersialisering som trenger de små unna.

Alberto Silva fra La Via Campesina og sveitsiske Uniterre sa under presentasjonen at UNDROP er et effektivt juridisk og politisk verktøy og gir rom for dialog. Han oppfordret statene til å samarbeide med bøndene og arbeidsgruppen for å nå målet om å styrke bønders rettigheter.


Vel 120 land har sluttet seg til UNDROP-erklæringen. Norge er, sammen med mange vestlige land, blant unntakene. Vurderingen sist spørsmålet var oppe, var at de var for erklæringen, men skulle vente med tilslutning til en passende anledning. FNs evaluering viser tydelig at UNDROP er et nyttig verktøy og utfyller Menneskeretterklæringen for verdens bygdefolk, men også at mye går i negativ retning. Norsk tilslutning nå vil være en inspirasjon til hardere innsats i mange land. Det er ingen grunn til å vente.

HVA ER UNDROP?

UNDROP, FNs erklæring om rettighetene til bønder og andre arbeidsfolk i bygder, ble vedtatt av generalforsamlinga i FN 21. desember 2018, med 121 land for, 52 avholdende og 8 imot. Blant de 8 var USA, Storbritannia, Israel og Sverige. Blant de avholdende var Norge under Erna Solberg. I to vestlige land, Sveits og Portugal, var diskusjonen grundig før vedtaket, og begge stemte for. I Norge var spørsmålet lite diskutert. Initiativet til UNDROP ble tatt i 2001 av den globale småbrukerorganisasjonen La Via Campesina. Sammen med andre organisasjoner arbeidet de i 17 år før vedtaket kom.

Erklæringa er bygd opp som menneskeretterklæringa, med 28 artikler som tar for seg de spesielle problemene verdens småbønder, jordløse gardsarbeidere, migrantarbeidere innen landbruk, fiske og andre naturbaserte yrker møter, og med tiltak for voksne, eldre og barn. Artiklene er om rett til jord, husdyr, såfrø, drikkevann, hygiene, arbeid og valg av driftsmåter, om rett til næringsrik og god mat, fødselshjelp, eldreomsorg, gode sanitære forhold, skolegang, juridisk hjelp og mer. Situasjonen for kvinner i bygdene blir vektlagt, for kvinner utfører svært mye gratis- og dårlig betalt arbeid. Dokumentet tar opp barns situasjon og skolegang og respekt for språka til urfolk og småkårsfolk og deres rett til å bruke egne språk overfor embetsverk og i lover og kontrakter. Flere land har signert erklæringa i ettertid.

HELA SVERIGE SKA LEVA



Vill du veta mer om oss?

Läs senaste nyheterna inom vårt område på vår hemsida.
Prenumerera på vårt kostnadsfria nyhetsblad och ladda ner våra skrifter.

Adress: Stortorget 7, 2 tr, 111 29 Stockholm
Telefon: 08-24 13 50
info@helasverige.se www.helasverige.se

Året var 1989, månaden september og landet Sverige. Ei mengd organisasjonar møttest og danna *Hela Sverige ska leva*. Initiativtakar var Sveriges Hembygdsförbund. Blant dei som starta den nye organisasjonen. var Ekologiska Lantbrukarna, samleorganisasjonen for Folkets hus-og folkeparkar, Centervinnorna, Centerungdommen, Framtiden i Våra Händer, Lantbrukarnas Riksförbund, Norrlandsförbundet, 4H, Somaliska Riksförbundet i Sverige, Friteatern, Sveriges Socialdemokratiska Ungdomsförbund og fleire nasjonale bedrifter.

Ein grunntanke var at ein nasjonal bygdeorganisasjon trengst. Dei mange organisasjonane med god bygdepolitikk må samordne innsatsen. Dette fungerer best dersom det blir bygt nedanfrå og av bygdefolk sjølve meir enn med samarbeid mellom landsstyra og sekretariata. - Det er du som er ekspert på di bygd, som veit kva som trengst og som kan gå i spissen for å

gjennomføre det, var meldinga bygdefolk fekk frå den nyskipa organisasjonen.

Bygdekomitear vart danna, planar lagde og delegasjonar sende til riksdag og regjering. 110 bodstikkevesker vart fylte med idear, forslag og krav frå bygdefolk. Den nye organisasjonar fekk sin struktur med bygdekomitear, kommuneutval og länsgrupper (fylkesgrupper). Det finst no 850 lokale bygdekomitear, og meir enn 150.000 personar deltek i arbeidsoppgåver av ulike slag, skriv dei i sitt informasjonsmaterieil. *Hela Sverige ska leva* har gjort Bygde-Sverige meir synleg og meir enn for til ei politisk kraft.

Dei spreier skriftleg materiale, lagar videoar, spelar inn filmar og arrangerer filmfestivalar, sjølvsagt i bygder, skriv og set opp skodespel og held messer og konferansar. Under deira paraply vart prosjektet Kvinnokraft til, etter kvart med hundre regionale ressurs-senter og eit nasjonalt ressurs-senter

med oppgåve å styrke kvinners bu- og arbeidsvilkår i bygdene.

Eit viktig element i arbeidet er det dei kallar balanserapportar, om skular, bustader, breiband, infrastruktur, kulturtiltak og innbyggjarar i heile landet. Rapportane er fritt tilgjengelege på nettet. (Søk på Hela Sverige ska leva.)

Landsbygdriksdag

I april 1989 vart Sveriges første landsbygdriksdag avvikla i Umeå. Organisasjonen og landsbygdriksdagen har etter kvart vorte høyringsinstans i mykje nasjonalt planarbeid. Dei har også arbeidd mykje med hjelp til finansiering av småforetak, og regionale mikrofond har kome ut frå ein tanke om at små bidrag til mange ofte er betre enn store bidrag til eit fåtal.

Etter at storstormen som fekk namnet Gudrun herja i store delar av Sverige i 2005, tok fellesorganet Folkörelserådet saman med andre organisasjonar initiativ til analyse av og tiltak for å styrkje beredskapen mot naturkatastrofar i Sverige. Dei har bidrege til både betre lovgiving og nye tiltak. Neste oppgåve vart servicepunkt i bygdene. 15 bygder vart plukka ut, der innbyggjarane analyserte og diskuterte seg gjennom kva for servicetiltak, skule, butikk, forsamlingshus, breiband, postlevering og andre, som var viktigast lokalt og korleis prioriteringa skulle vere. Heile tida har tanken vore at den som har skoen på, veit best kvar han trykkjer, seier dei.

Arbeidet for ein betre balanse mellom by og bygd har gått i rykk og napp, og endå meir i Sverige enn i vårt land med fleire tilbakeslag enn framsteg. Sverige har like frå mellomkrigstida på mange måtar hatt ein dårlegare bygdepolitikk enn vår, og steget er langt frå å få folk til å forstå eit behov til å få dei som sit på pengesekken, med på å finansiere det. Men *Hela Sverige ska leva* har dei siste tiåra vore ei kraft og ein fellesorganisasjon som ingen politiskar kan sjå bort frå. Dei har avdelingar i alle läna. Utan desse hadde dei hatt eit endå meir urbanisert samfunn.

Heile Europa skal leva

«Vår måte å organisere ei viltveksande, men demokratisk bygderørslø på har vorte eit førebilete for mange land», skriv dei. Dei samarbeider med *Finlands bygdeförslø*, SYTY, og dei har vore med

på å få i gang europeiske nettverk som *Partnership for Rural Europe*, *Prepare*, som arbeider mest i Aust- og Sentral-Europa, og *European Rural Community Alliance*, ERCA, som hjelper fram og samlar bygderørsler over heile verdsdelen.

I oktober i år møttest såleis 400 delegatar frå 40 land i Inverurie i Skottland til den sjette *Europeiske bygderiksdagen*. I tre dagar diskuterte dei lokal utvikling, samfunnsrolle, ungdoms deltaking, folkehelse og landsbygdframtida i EU.

Møtet vedtok ei felles-erklæring, Inverurie-fråsegn, om

HELA SVERIGE.

Hela Sverige ska leva!

- å styrke lokaldemokrati og sivilsamfunn
- å skape rettvis økonomiske, sosiale og geografiske vilkår for landsbygdene i heile Europa,
- at styresmaktene i alle landa må sjå bygdene som ei løysing og ikkje som eit problem
- at samfunna må investere i dei unge, i utdanning og infrastruktur og såleis byggje opp trua på ei god framtid i europeiske bygder
- at dialogen mellom bygdene og avgjerdstakarane i enkeltlanda og i EU må bli betre.



Latin-Amerikagruppene i Norge (LAG)

Latin-Amerikagruppene i Norge (LAG) er ein medlemsorganisasjon med formål å spreie informasjon om samfunn og utvikling i Latin-Amerika og å fremje norsk solidaritetsarbeid med verdsdelen. LAG arbeider for økonomisk, sosial, politisk og kulturell frigjeringsarbeid i Latin-Amerika. Dei støttar folks kamp nedanfrå, protesterer mot krenkinga av menneskerettar og undertrykking av kvinner og skeive, dei arbeider for at fredstenking skal vinne over militarisering og opprusting og for at verdsdelen skal få ei økologisk berekraftig framtid. Dei arbeider for internasjonale ordningar baserte på gjensidig respekt og likeverdig handel og med vekt på menneskerettar og demokratireformer. Aller mest gjeld dette kvinner og urfolk i verdsdelen.

LAG støttar og framhevar det arbeidet småbrukarar og urfolk gjer for berekraftig bruk av naturressursar. I dette er retten til jord, vatn og energi for samfunnets små sentralt, medan vår tids agroindustri, monokultur, gruvedrift og rovdrift, slik dei ser det, utgjer truslar.

LAG samarbeider med sosiale rørsler for demokrati, rettferd og fred i La-

tin-Amerika og med fagorganisasjonar i landa, og dei informerer i Norge om arbeid desse rørsleane gjer.

LAG er partipolitisk uavhengig. Dei arbeider mykje blant norske ungdommar. Ein av metodane er å dra rundt til norske skular og utdanningsinstitusjonar for å orientere om forhold i Latin-Amerika og om kva dei driv med.

SOLIDARITETSBRIGADANE - SOLIDARITET I PRAKSIS

LAGs solidaritetsbrigadar kom i gang vel 40 år sidan. Til no har nær 1000 personar delteke, med norske ungdommar på lengre opphald og gardsarbeid i Nicaragua, El Salvador, Guatemala, Honduras, Mexico, Bolivia, Colombia og Brasil. No dreg brigadistar til dei tre sistnemnde landa. Arbeidet skjer i regi av lokale organisasjonar. Utvekslinga er gjensidig, slik at det også kjem latin-amerikanske brigadistar til Norge.

Mange av brigadistane har vorte rekrutterte gjennom deltaking i Grønt Spatak.

Brigadist-oppgåva kan delast i tre, først førebuing med språkopplæring

og læring om samfunnsforhold, dinest eit halvt år i Latin-Amerika, og etterpå informasjonsarbeid. Dei skal opphalde seg i lengre periodar hos vertsfamiliar og ta del i daglegliv og dugnader, frå kaffihausting til oppvask, og like eins vere med på arbeidet i lokale organisasjonar. Dei forpliktar seg til å drive med informasjonsarbeid på deltid etter heimkomsten.

Samarbidsorganisasjonane er alle med i La Via Campesina, og no blir mykje vekt lagt på spørsmål om matsuverenitet.

Uttekslinga blir finansiert av Norge, Norges kompetansesenter for internasjonalt samarbeid (som tidlegare hadde økonomisk ansvar for Fredskorpset) under Utanriksdepartementet. Brigadistane får såleis dekt det meste av kostnadene til førebuing, språkkurs, vaksinar, flybillett, forsikring, reiser og kost og losji, og dei får litt lomme pengar.

Kjelder: Heimesidene til Latin-Amerikagruppene, opplysningar frå brigadistane Mari Kirsti Kaaen og Elisabeth Vatland, som deltok med informasjonsstand på landsmøtet til NBS.



Minga (dugnad) i veredaen La Florida, San Fransisco, Antioquia, Colombia. Foto: Elisabeth Vatland.



Minga (dugnad) for å grave ut fiskedam i veredaen La Esmeralda, San Fransisco, Antioquia, Colombia. Foto: Mari Kirsti Kaaen.

HILSEN FRA LAG TIL LANDSMØTET I NBS

Kjære landsmøte! Jeg kommer fra Latin-Amerikagruppene i Norge (LAG), en solidaritetsorganisasjon som støtter sosiale bevegelser i Latin-Amerika, og jobber solidarisk med småbrukerbevegelser som også er del av La Via Campesina, hvor NBS også er med.

Sammen med andre har jeg vært på solidaritetsbrigade hos småbrukerbevegelsen i Colombia det siste halvåret. Der lærte vi om lokal organisering av småbrukere, kampen for tilgang på jord, for matsuverenitet og agroøkologi. Vi fikk også dele og snakke om det norske jordbruket til småbrukerne og organisasjonene vi ble kjent med.

Selv om mye er veldig ulikt mellom bygdene, jordbruket og klima og landskap i Norge og Colombia, er det også mange lignende utfordringer. Ett eksempel: I Colombia kommer 60% av maten folk spiser fra småskala produksjon- som er veldig bra. Likevel er det sånn at mye av maisen som spises, er importert fra USA, til tross for at det alltid har blitt dyrket mais i dette området og at mais er en basisvare i det colombianske kjøkkenet. Dette er på grunn av en handelsavtale hvor lokale bønder ikke kan konkurrere mot mais fra industrielle megagårder i USA.

For noen måneder siden signerte Norge EFTA-Mercosur frihandelsavtalen, en frihandelsavtale som undergraver det lokale jordbruket både i Norge og Latin-Amerika. Både NBS og LAG har jobbet mot signering av avtalen.

Det er så viktig å stå sammen på tvers av landegrenser, fordi småbrukeres kamper henger sammen. La Via Campesina, den internasjonale småbondebevegelsen, er i dag verdens største sosiale bevegelse. Vi må bruke styrken vi har sammen. Og vi må stå i solidaritet med hverandre for å kjempe for småbønders rettigheter verden over.

Mari Kirsti Kaaen

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2026

Leiar Stein Brubæk, e-post
stein359@gmail.com

Heidi Hogset e-post Heidi.Hogset@hiMolde.no

Audun Emil Tvedten, e-post
audun.e.tvedten@gmail.com

Ingvild Asphol, e-post iasphol@protonmail.com

Ilona Drivdal, e-post ilonadrivdal@yahoo.no